




# VEG I VEST

BEDRIFTSAVIS FOR STATENS VEGVESEN HORDALAND



NR 2 - 15. JUNI 1988 - ÅRGANG 12



Nr. 2 - 1988  
Årgang 12

**REDAKTØR:**  
Per Steffen Myhren

**REDAKSJONSRÅD:**  
Josef Martinsen  
Oddbjørn Lynghammer  
Finn Guldbrandsøy  
Carlo Jacobsen  
Helge Haukeland

Opplag: 2.500

**UTGJEVAR:**  
Statens Vegvesen, Hordaland  
Postboks 3645  
Spelhaugen 12  
5033 Fyllingsdalen  
tlf. 17 30 00

**Framsida bilet:**  
Det blir opp til 18 meter  
fjellskjæringer på den ombygde  
fylkesveg 137 forbi Rødsliane i  
Os. (Foto: Erling Grønsdal)

**Baksida bilet:**  
Det blir betre tider for alle  
trafikantar når delar av det nye  
Hesthaugkrysset i Åsane vert teke  
i bruk i løpet av sommaren 1988.

**Redaksjonelt arbeid:**  
Publicity Vest

**Lay-out, sats og trykk:**  
BT/J.W. Eides Trykkeri

**Ettertrykk av illustrasjoner**  
er ikkje tillatt utan  
samtykke frå Hordaland  
Vegkontor

# Redaktøren har ordet

I tidsrommet frå Ragnhild Øverland Arnesen slutta og fram til det vert tilsett ein ny informasjonsmedarbeider, har eg fått lov å titulere meg som redaktør for Veg i Vest.

Det er då fristande å skrive nokre ord om forslaget til NORSK VEG- OG VEGTRAFIKKPLAN 1990-93, som vart lagt fram i mars 1988 og som vert handsama i fylkestinget i desse dagar.

Den første NORSK VEGPLAN vart lagt fram i 1969 og omfatta perioden 1970-73. Det er såleis 6. generasjon NORSK VEGPLAN som no er til handsamning.

Grunnlagsmaterialet til den første NORSK VEGPLAN for Hordaland vart samla inn av ein pensjonert ingeniør og ein oppsynsmann på deltid, medan alle avdelingar har vore engasjert i NVVP 1990-93, og det er lagt ned ei stor mengde årsverk i planen.

Så får vi vone at resultatet er i samsvar med innsatsen.

Den første NORSK VEGPLAN vart utarbeidd i ei tid prega av optimisme og tru på framtida for vegbygginga i Noreg. Dei årlege løvvingane auka jamt og trutt på talet på tilsette ved Hordaland vegkontor vaks med 10 personar pr. år.

Som det går fram av ein artikkel i dette nummeret av Veg i Vest så er ikkje utsiktene framover vidare lyse. Staten sitt engasjement i vegbygginga vert stadig mindre og som eit resultat av dette vil 2/3 av vegbygginga i Hordaland i perioden 1990-93 bli finansiert utanom statsbudsjettet, i hovudsak med bompengar.

Dette skjer samtidig med at bilparken og vegtrafikken veks sterkare enn nokon gong og behovet for betre og sikrare vegar berre aukar. Dette er ei utvikling vi ser på landsbasis, men den er spesielt markert i Hordaland. Vi har ein vekst i bilparken som er 50% større enn landsgjennomsnittet, medan vegstandarden er langt under landsgjennomsnittet.

Vegpolitikk ser idag ut for å vere noko som berre interesserar vestlendingar, kjem ein aust for Langfjella ser ein knapt eit ord i avis om vegar og vegbygging. Kanskje burde vi få ein aksjon for å flytte Stortinget til Bergen, då ville nok vegpolitikken få meir sentral plass i det rikspolitiske bildet.

Per Steffen Myhren


## INNHOLD

	Side
Vegvesenet med oppdrag på Færøyane	4
Trange løvingsrammer får konsekvensar	6
Stor trafikk på vaksentralen	8
Blir klok på bompengeringen	10
Betre vegdekke mot piggdekkslitasje	12
Reportasje frå anlegget i Rødsliane	16
POC som utviklingsverktøy	21
Startar kampanje mot arbeidsulykker	22
Fagprøve med strenge krav	24
Røykeforbod i kantina frå 1. juli	26
Vår mann frå Gambia	28

# «Friluftsbutteri» som henger i armeringsjern

Jakt på defekte russebiler nødvendig for biltilsynet

I disse dager kjører det mange utrangerte nyttebiler rundt på Hordalandsvegene med rød og blå russe-dekor. Noen av de unge eierne tar sikkerheten alvorlig, og sørger for godkjent registrering hos biltilsynet. Dessverre er det mange av disse bilene som går igjen år etter år, bare med ny maling. Mangelfullt vedlikehold blir ikke bedre ved at det er 2-3 år siden bilen sist ble godkjent. Det er mye som er blitt avdekket ved biltilsynets kontroller de siste par måneder.



Eller hva skal man si til et batteri som henger i fri luft, uten deksel, der kablene henger på utsiden av karosseriet, og 3 stykker armeringsjern er benyttet som feste for batterikassen.

## Skjerf som dørlås

Eller denne løsningen: Dørlåsen er defekt, og døren er festet til et skjerf som er surret til dørhåndtaket. Så lenge sjåføren sitter på skjerfet er døren lukket!

Løse hjulbolter, manglende hjulbolter og løse felger - er andre defekter som går igjen på årets russebiler, forteller avd.ing. Gunnar Gaassand i biltilsynet i Bergen.

Han bekrefter at man har brukt et skillig tid på å kontrollere russebiler ute på vegene den siste tiden. Antallet kjøredoninger med rød- og blåkledde horder er økende, og det samme er problemet for trafikksikkerheten.

Overingeniør Gunnar Gaassand i biltilsynet tar en titt på en av de større utgavene av årets russebiler.  
(Foto: Erling Grønsdal).



## Overtar gamle problembiler

- For å slippe avgifter er det desverre nokså vanlig at russen «låner» russebil fra i fjor. Det betyr at det kjøres med vogner som ikke har vært til godkjennning hos biltilsynet på flere år. Vi oppdager mange spesielle provisjoner som eierne benytter for å unngå at bilen ramler fra hverandre, eller for å få stuet inn flest mulig klassekamrater.

Ombygging av biler skjer også. F.eks. ved at skillevegger i varebiler blir fjernet. Dette skjer også på biler som er over 3.500 kg, og som etter forskriftene er lastebil. Her kommer krav til førerkortet som også blir et problem i «russetrafikken». Bruk av personseter i lastebiler er et annet tiltak der russen synder mot kjøretøyforskriftene. Vi må forholde oss til regelverket, og det tar ikke særlig hensyn til russens spesielle behov. Løse sofa-

seter og stoler til medbringende artianere er vanlig, og ulovlig. Varevogner med åpne sidedører er heller ikke noen trygg løsning for personbefordring mellom hageselskapene.

## Vil nødig spolere feiringen

- Det er i det hele tatt mye tankeløshet forbundet med den trafikkale delen av russefeiringen. Det ser dessverre ut til at vi må bruke stadig mer tid på dette problemet.

- Blir det mange avskiltninger?

- Vi prøver å være imøtekommende, og foretrekker å gi bilerne en rask frist for å få utbedret manglene. Vi vil nødig ødelegge feiringen for russen. Men når vi kommer over ekstreme tilfeller av trafikkfarlige biler er det bare å ta skrujernet i bruk, og fjerne skiltene, sier Gaassand.

# FRA «UTANRIKSAVDELINGA»:

Basalt av eldre  
årgang er ein  
spesiell og  
vanskeleg  
bergart å  
hanskast med,  
konstaterer  
Lars Kristian  
Borgen (Foto:  
Jostein  
Flatekval).



## Horda-hjelp til tunnel på Færøyane



«Norsk veiteknikk kan eksporteres», skreiv Teknisk Ukeblad nyleg, og viste m.a. til rekord-lange tunnelar og utfordrande bruprosjekt her vest. Hordaland Vegkontor har alt gjennomført sin fyrste framstøyt på eksportmarknaden. Det skjedde på Færøyane, der ekspertar på tunnelbygging måtte hentast frå Norge for å koma i gang med ein 3 km lang snarveg gjennom fjellet på Suderøy.

Fjellet har roa seg, og støyting av overbygget er i full gang. (Foto: Jostein Flatekval).

Landsingeniøren på Færøyane har hatt god kontakt med vegsjef Josef Martinsen og Hordaland Vegkontor gjennom fleire år. Mellom anna har folk frå landsingeniøren sin etat vore på opplæring her i landet.

## Vanskeleg bergart

Ei form for opplæring har det vel vore dette og. På Færøyane sender dei ikkje vegarbeidarar med tunnelrøynsle rundt på alle nye prosjekt. Dei nytter lokal arbeidskraft der jobben skal gjerast. Såleis var det heller utrente folk som skulle gå laus på den nye tunnelen på Suderøy. Saman med den spesielle bergarten i det aktuelle området ga dette store vanskar for landsingeniøren sine mannskap. Dei fekk rett og slett ikkje hol på fjellet. Massane rasa vekk for anleggfolka.

Alt fjellet på Færøyane er av Basalt lavabergarter. Den varianten som viste seg å vera representert ved tunnelinnslaget på Suderøy hører til ein eldres, geologisk årgang enn den dei har hatt å baskast med tidlegare, kollegene våre på Færøyane. Her er tjukke tufflag av gammal aske representert i større grad enn i den øvrige basalten, noko som vart ei ny erfaring også for Hordaland Vegkontor.

## Fagfolk og støypeskjold

Jan Elvøy og Steinar Aase drog på innleiande rekognisering til øyane i vest i havet. Dei fekk kartlagt problemet. Resultatet vart at sprengningsbas Jostein Flatekval frå Eksingedalen og betongfagmann Lars Kristian Borgen frå Os pakka tannbørsta og arbeidsdressen, og sette kurseren vestover.

Dei hadde med seg støypeskjold, som var mangelvare hjå grannefolket, ved sidan av den tekniske fagkunnskapen på slike påhogg.

## Det ordna seg

- Anleggfolka hadde gjort tre mislukka freistnader på å koma inn i fjellet, men massane berre ramla saman, fortel Lars Kristian Borgen til Veg i Vest. Han er attende i gamlelandet etter tre vekers aktiv innsats på Færøyane, og har vore med på fullføringa av Fløyfjellstunnelane. Kollega Jostein Flatekval frå Suderøy-prosjektet har i den seinare tida vore på tunnelanlegg i Røldal.



Vegmotiv frå Færøyane. (Foto: Jostein Flatekval).

- Det såg ikkje så kjekt ut då vi skulle ta til med arbeidet. Men då vi omsider fekk skjoldet på plass ordna det seg med tunnelopninga, litt etter litt. Vi støypte med ferdigbetong og betongpumpar i byrjinga, og det vart nokre lange dagsøkter. Den seigaste varte frå kl. 8 om morgonen til 7.15 den etterfylgjande dagen. Men vi kom i mål etter 3 veker. Då kunne våre vener frå den lokale arbeidsstyrken ta over med sprøytebetong, fortel Borgen.

## Hardt som glas

- Korleis var bergarten?

- Han var glasande hard. Då vi gjekk laus på han var det som å knuse ei glasrute. Det var absolutt ei ny oppleiving for oss også dette, men oppgåva lot seg løysa, berre ein nyttå tid og krefter godt nok. Men vi måtte vera svært så varsame med dei fyrtse salvene, for at skjoldet skulle festa seg skikkeleg.

- Fekk de noko inntrykk av land og folk elles?

- Vi hadde eit par sundagsturar på Suderøy, og folk var svært gjestmilde overalt der vi kom. Vi fekk også ein dag i hovudstaden Torshavn, som ligg lenger nord på øyane, der vi hadde ein rundtur i lag med ein av sjefane hjå landsingeniøren. Vi såg mellom anna



Landsingeniør Mikkjal Hemsdal på Færøyane er godt nøgd med innsatsen som representantar for Hordaland Vegkontor har gjort på Suderøy.

## Takk for hjelpa!

- Vi er takksame for den hjelpa vi har fått frå Hordaland Vegkontor. Utan denne hadde vi ikkje kome så hurtig i gang med Sumbø-tunnelen, seier landsingeniør Mikkjal Hemsdal på Færøyane til Veg i Vest.

- Vi møtte store vanskar under det innleiande arbeidet med tunnelen. Vi visste ikkje riktig korleis vi skulle løysa oppgåva i det vanskelege berget.

## Ferdig i 1990

- Korleis går det med tunnelarbeidet no?

- Det går fint. Vi er komne om lag halvvegs inn. Men det har gått med ein del tid til sikring. Likevel reknar vi med å ha skote igjennom tunnelen i første halvdel av neste år. Den 3,2 km lange tunnelen vil bli teken i bruk i 1990.

- Korleis er kontakten med kolleger i Hordaland?

- Den er både god og nyttig. Vi har rett som det er hyggelege samtal med representantar for Hordaland Vegkontor, og har stort utbyte av å få del i dei reynslene dei sit inne med frå vegbygging på Vestlandet, seier landsingeniøren.


på fleire nye anlegg. Også på Færøyane har dei teke i bruk fullprofilboring, rett nok i mindre format enn Madam Felle, og førebels berre for vasstunnel-driking.

- Et artig oppdrag, dette?

- Når det gjekk så bra som det gjorde, var det moro. Ei interessant avveksling frå den heimlege kvardagen var det jo, og eg kunne godt tenkt meg slike oppdrag seinare, seier Lars Kristian Borgen til slutt.

Med noverande investeringsramme:

# Hordaland må venta 42 år på nødvendig vegbygging!



Arbeidet med tofeltsveg over Stord har stogga opp, grunna sviktande løvvingar frå staten. (Foto: Erling Grønsdal).

Nøkterne tal seier at Hordaland fylke pr. 1/1 1990 treng bygging av nye vegar og utbetring av noverande vegnett til ein pris av knapt 15 milliardar kroner. Den statlege investeringsramma for fireårsperioden 1990-93 er på 1,4 milliardar kroner. Det vil seia at det trengst 42 år med statlege investeringar før trangen er dekka.

Veginvesteringar er svært lønsame både for det offentlege, næringslivet og trafikantane. Ei investering på 15 milliardar vil gje ein målbar vinst på mellom 25 og 30 milliardar kroner. Talet på trafikkulukker vil bli halvert, og 25.000 bustadeiningar vil få nedsett støynivå.

### Løyvingane ned 25 prosent

Dei siste ti åra har både bilparken og tala for vegtrafikken i Hordaland auka med omlag 60 prosent. I same tiårsperioden har statlege overføringer til riksveganlegg i fylket gått ned med over 100 mill. kr. i året, eller med totalt 25 prosent. Samstundes har ferjekonsekvensen i Hordaland auka med 50 prosent, det doble av auken på landsplan.

Årsdøgntrafikken på riksvegane i Hordaland er gjennomsnittleg 2.350 bilar, eller 18 prosent over landsgjennomsnittet. Likevel har Hordaland eit av dei dårlegaste riksvegnettene i landet, målt i vegbreidde, fartstandard og trafikksikring.

Sjølv om Hordaland har den største eigeninnsatsen når det gjeld riksveginvesteringar, får fylket eit stadig dårlegare riksvegnett i høve til landet elles.

### Konsekvensar på kort sikt

Dei reduserte riksvegløyvingane får klare negative fylgjer for vegbygginga i fylket. Dette gjeld ikkje minst stamvegen E-68 Bergen-Oslo. Arbeidet mellom Bolstadøyri og Dale vil bli sterkt forseinka i høve til framdriftsplanen i Norsk Vegplan for innevarande periode. Tunnelstrossinga mellom Dale og Trengereid må venta til perioden 1990-93.

Utbetringa av den fårlege strekninga på E-76 langs Åkrafjorden vil ikkje koma i gang før sein i 1989.

På riksveg 14 har arbeidet med tofeltsveg over Stord stogga opp. Riksveg 14 treng vidare utbetring mellom Osøyo og Søfteland. Her er arbeidet utsett på grunn av svikten i statlege riksvegløyvingar.

Ny riksveg 14 mellom Mundal og Eikanger i Lindås skulle vera 2/3 full-

ført innan 1989. Her blir det anleggstart tidlegast i 1990.

### Fylgjer for 1990-93

I planperioden 1990-93 blir det også store vanskar med å nå dei måla ein har sett seg. Det blir mellom anna store problem med å få ferdig E-68 Trengereid-Dale-Voss til årskiftet 1991-92.

I Rogaland får ein ferdig ny riksveg 14 over Bokn i 1990, med eit nytt ferjesamband frå Mekjarvik. Her rekner ein med at 75 prosent av trafikken over Boknafjorden vil nyta det nye ferjesambandet. For å kunne føra denne trafikken inn på riksveg 14 i Sveio, er det trond for investeringar på kring 50 mill. kr. mellom Fjon og Haukås. Planframlegget for 1990-93 inneholder berre 12 mill. kr. Konsekvensen er at stamvegtrafikken i fleire år må fylgja smale og dårlige fylkesvegar frå fylkesgrensa fram til riksveg 14.

### Bygdeveg som hovudåre


Ei tilsvarende innkorting i fjordkrysing blir det i nord, når ny veg mellom Instefjord og Oppedal i Sogn blir teken i bruk 1990-91. Men i Nordhordland må stamvegtrafikken på riksveg 14 fylgja bygdevegen gjennom Haugsdalen i fleire år etter at ferjesambandet over Sognefjorden er halvert.

Utsettingar som vil merkast må ein og rekna med i Bergensområdet, der trafikkauken har vore sterke enn venta. Nye næringsområde kring byen gjev trond for ei påskunda utbygging av eit tenleg vegnett. Med dei gjeldane rammer på statlege løyvingar, vil dette ikkje vera mogleg.


Diagrammet syner kor mykje sterke Hordalandstrafikantane sine utgifter har vakse i perioden 1978-86 - enn dei statlege overføringerne.

## TRAFIKKANTANE SINE UTGIFTER STATEN SINE UTGIFTER

Mill. 1986 kroner  
2000



## Over 4.000 samtalar i kvartalet



Gunn Hellesøe og Terje Totland utgjer halvparten av staben ved vaksentralen for vegnettet.  
(Foto: Erling Grønsdal)

# Telefonen gløder i «ambassadefløyen»

Dei er på mange vis Vegvesenet sine ambassadørar, dei 4 som utgjer staben ved vaksentralen. Med 4.350 registrerte samtalar første kvartal i år stiller dei i frontlina for publi-

kumskontakt ved Hordaland Vegkontor. Ambassaden fungerar periodevis som reine klagemuren, men hovudtyngda av telefonar kjem frå publikum som har konkrete spørss-

mål om veg- og føretilhøve, fortel to av medarbeidarane ved sentralen, Terje Totland og Gunn Hellesøe, i sin samtalé med Veg i Vest.

Vi avtalte ei synfaring i «ambassaden» i tredje høgda på ei tid av døgnet då både bymann og stril skulle være oppteken med matpakka eller middagen. Men det er sjeldan roleg länge om gongen på vaksentralen. Melding om innføring av kolonnekjøring over Hardangervidda, telefonar om aksellastrestriksjonar, spørsmål om sjanske for å berge seg over vidda på sommardekk, ferjeproblem hjå HSD, og råd om beste vegen til Florø, var mellom dei mange innslaga som sto på programmet då vi var på vitjing.

### Avslørande trafikkeltjing

Det heile starta i rosande toner, då vaksentralen opna seinhaustes. Trafikkantane ga uttrykk for glede over den nye snøggtunnelen mellom Sandviken og Nygårdstangen. Seinare har ikkje minst trafikkeltjar-biletet på skjermen til Gunn, Terje og dei hine på sentralen, vist at tunnelen innbyr til ekstra stor fart. Jamvel om målestasjonen er plassert ved båe endane av sørgåande løp, viste biletet fart på oppunder 100 km/t då vi tok ei rask stikkprøve.

Trafikkbilete viser oss også storleiken på køyretya. Ein lastebil på 18,22 meter er litt for lang til å ferdast på vegane våre. - Slike lengder er ikkje uvanleg. Dei tek sjansen på å køre til dei blir tekne i kontroll, seier Totland.

### Alarm!

ALARMEN GÅR! Ingen sirener hyller i sentralrommet. Signalet er likevel klart nok, og gjev endå eit brot i samtalens vår. Gunn Hellesøe gjer eit rutinert trykk på rette tasten og skjermbilete fortel at einkvan har opna døra til ein av trafokioskane. Vaksentralen har direkte telefonline til kiosken, og i den andre enden svarer ein av elektromonitorane, som driv med klårgjering av anlegget til opning av tube 2.

- Har det hendt at den verkelege alarmen har gått?

- Nei, heldigvis har det gått fint så langt. Ingen uhell som fortener trykksverte. Bilar som har gått tom for bensin eller fått motorhavari er det einaste uregelmessige som kan nemnast. Nå vi ser vekk ifrå at seks av brannsløkkingsapparata er stolne

nattestider. Alarmen står og signalisrar at skapet er opna når vi kjem på vakt om morgonen.

Barnesjukdomar har ein sjølv sagt hatt, men rutinene for kontroll av alle typer tryggleiksfunksjonar er gode. Kvar time blir alt sjekka, uansett kor sterkt telefonen gløder. Og kvar 14. dag er folk frå vaksentralen ute i tunnelen for ta rutinesjekk på nødtelefonar og anlegget elles.

### Vegstengingar

Vinteren var moderat, men utover på ettervinteren auka det på med spørsmål om vegstengingar og føremeldingar. I timen mellom 06.30 og 07.30 får ein inn meldingar om tilhøve på Haukeli, Hardangervidda og Vikafjellet. Informasjonen vert formidla vidare på telefaks til NRK og tre nærradiostasjonar. Politiet, vegmeldingssentralen på Kjellerbru og NRK får også melding, sjølv om dei kanhende har fått same informasjonen frå før. Dei ønsker heller opplysningsane to gonger enn å risikera at veginformasjonen ikkje når fram.

Eit stort kart på veggen over skjermterminalane fortel korleis stoda er på høgfjellsvegane, om det er stengt, - kolonnekjøring eller fri ferdsel. Lyspærer med ulik farge etter dei tre variantane gjev svaret. Ein annan kontroll på at rett informasjon til ei kvartid er tilgjengeleg for publikum, er å finne på tekst-TV, som har ajourførte opplysningar om stoda på vegane berre minutt etter at Kjellerbru har motteke meldingane.

### Privat register

Det er sett opp instruks for arbeidet på vaksentralen, men du veit aldri kva folk vil spørre om. Førebels har ingen ringt for å få vite oppskrifta på brun saus, og publikum held seg i hovudsak til trafikkale emne. Men han som ringer i februar og vil vite om han kan køre fritt over Hardangervidda ei månad seinare, kan ikkje få noko klårt svar. Somme ringer også dagen før dei skal over fjellet, og lurer på korleis føret vil bli. Dei ringer alltid opp att den dagen dei skal reise også.

- Vi har ei kjensle av at mange ringer oss for å få ei trøyst før dei set seg

inn i bilen, med kurs for Hardangervidda eller Haukeli, fortel Gunn Hellesøe.

Det er eit rikt register av opplysingar publikum er ute etter. Gunn har difor i ledige stundar på vakt ført ei bok med nyttige informasjonar, på grunnlag av spørsmål som har meldt seg underveis.

- Mellom anna får vi spørsmål om kva distanse det er mellom forskjellige stader. At ruta mellom Bergen og Oslo er fire mil lenger over Haukeli enn over Geilo, er greit å vite, seier Gunn Hellesøe.

### Permanent plassering

Vaksentralen er ei prøveordning. Når interimsperioden går ut i november vil det venteleg vere avgjort kva som vidare skal skje. Trongen er i allfall til stades for ei fast ordning. Det har jamvel vore nemnt at ein kunne ha trong for heildognope i vintersesongen. Plasseringa av sjølv sentralen er eit anna tema som må avklarast. Det blir opplyst at valet m.a. står mellom vegkontoret i Fyllingsdalen og vegstasjonen på Hop.

Uansett vil det ikkje vere mangel på gjermål for dei som til ei kvar tid skal halda denne skansen for vegvesenet. Publikumskontakt og informasjon blir stadig viktigare for vegvesenet som service-organ.

## Fleire tunnelar inn på nettet

Vaksentralen utvider nettet av tunnelar som har direkte samband med sentralbordet på Spelhaugen. Løvstakktunnelen «kom på» i slutten av mai, slik at overvaking av tekniske installasjoner no skjer frå vaktrommet på vegkontoret. Når nordgåande tunnel gjennom Fløyfjellet og den nye Eidsvågstuullen opnar 7. juli, vil desse inngå i kontrollnettet. I løpet av vinteren vil også Vallaviktunnelen og Arnanipatunnelen bli kopla på vaksentralen.

Plansjef Arild Eggen tok imot delegasjonen fra Stockholm, og delte ut billetter ved bompengeboden i Sandviken. Til venstre formannen i miljøavgiftsutvalget for Stockholmsregionen, landstingsråd Knut Nilsson. (Foto: Erling Grønsdal).



## Svenskene (og mange andre) tar lærdom av Bergen

Se Napoli og dø! Reis til Bergen og bli klok!

Uvanlig mange besökende har gjennomført den siste av de alternative turoperasjonene. Ikke bare norske ordførere og planleggere har vært innom. Delegasjon på delegasjon har ankommet Bergen Lufthavn fra utlandet. Det felles mål for turen er ikke Tyskebryg-

gen, Håkonshallen eller Festspillene, – men Bompengeringen. Med stor B.

Verdens første avgiftsring rundt en bykjerne har vakt alminnelig oppsikt fra Santiago til Tromsø. De tallrike besøk har tilført Hordaland Vegkontor atskiltig med ekstraoppgaver som vertskap for disse spesielle selskapsreisene.



- Vi er interessert i en bompengering i Stockholm også, men på andre premisser enn i Bergen, sier Knut Nilsson. (Foto: Erling Grønsdal).

Veg i Vest slo følge da 20 politikere og planleggere fra Stockholm inntok byen nylig. Det er ikke første gangen den svenske hovedstaden er representert på besøkslisten for Bompengeringen. Men mange organ og instanser skal se på saken med egne øyne. For hvert besøk kommer svenskene et stykke nærmere en løsning på Stockholms trafikkproblemer. Får vi tro.

### Tull og bullor

Plansjef Arild Eggen er «ordfører» når de besøkende er på rundtur ringen rundt. I dette tilfellet var gjestene kommet til Bergen for å hente ammunisjon til en utredning om miljøavgifter. Et eget utvalg har siden i høst arbeidet med å finne fram til ulike løsninger på forurensningene i Stockholm.

- Innføring av en bompengering rundt bykjernen for å avgifts-belegge bytrafikken, er et realistisk tiltak. Bergens løsning er aktuell, men på andre

premisser enn dere har for Bompengeringen, sier formannen i utvalget, landstingsråd Knut Nilsson til Veg i Vest.

Siden det var miljøpolitiske begrunnelser som var skyld i besøket denne gangen, la plansjefen i Hordaland ekstra vekt på de tiltak vi også i Bergen gjør for å bedre miljøet langs hovedveiene. Svensk er ett av de mange språk Eggen behersker, etter tallrike foredrag om Bompengeringen hos broderfolket.

At vår kjære plansjef gjentatte ganger snakket om «bullor» og «tullring», må bare tilskrives gode kommunikasjonsegenskaper. Støyskjerm heter «bullor» i Sverige, mens «tullring» har med toll og avgift å gjøre, og som slett ikke er noen slags karakteristikk av den trafikklosningen bergenserne har valgt.

### 20 prosent økning

- Biltrafikken innebærer en hard miljøbelastning på Stockholm, sier Nils-

son videre. I dag kjører 260.000 kjøretøy til Stockholm sentrum pr. døgn. Det ventes at trafikken vil øke med ca. 20 prosent i perioden fram til århundreskiftet. Utviklingen er helsemessig alarmerende. Miljøet er truet. De 90 sjøene i Stockholmsregionen er i ferd med å dø. Nesten tredjeparten av skogen er skadd, ved at barken ramler av trærne. Allergiplagene tiltar.

- Så lenge regionale avgifter er umulig, i Sverige som i Norge, må vi gå andre veier. Vi håper blant annet at en avgiftsring rundt Stockholm vil fremme bruken av kollektive transportmidler, sier Nilsson.

Stockholm kommune regner med at en bompengering etter Bergensmodellen vil gi årlige inntekter på over 600 mill. kr. En kontantavgift på 20 kr., og 300 kr. for månedskort har vært nevnt.

Det gjenstår å se hvilke konkrete tiltak som kommer ut av Bergensturen. Ikke bare i Stockholm, men også i andre storbyer i Europa, USA, Sør-Amerika, Asia og kanskje Afrika?

På listen over studiebesøk i Bergen finner vi i allfall navn fra Kina, Chile, USA, Vest-Tyskland, Spania, England, Nederland, samt de nordiske landene.

Og stadig nye gjester melder sin ankomst.

## Svømming er god trim!

Svømmegruppen er en løst organisert gruppe innenfor Hordaveg B.I.L. Gruppens aktiviteter består av svømming i de kommunale haller Åstveithallen og Slåtthaughallen en gang pr. uke i skoleåret (aug. - juni).

For de ivrigste er det anledning til å avlegge prøve for STORE HAVHESTEN og å delta i bedriftsmesterskapet.

Svømmingen koster selvslagt litt, og de som melder seg på må regne med å betale kr. 1,- pr. svømmeøkt.

Interesserte kan melde seg til svømme-oppmann, p.t. Kjell Follesø, Vegkontoret, ved skoleårets begynnelse.

# Tiltak mot slitasje på hordavegane:


Dekkeslitasjen har vore ekstremt høg i år. På riksveg 57 på Lindås har det vore målt opp til 55 mm djupe spor i asfalten. (Foto: Hans Petter Martinussen, Strilen).

Den snøfattige og milde vinteren på Vestlandet førte til at alarmklokken ringde for piggdekkslitasjen på vegane i Hordaland. Sjølv om Vegdirektoratet si framskunding av piggdekkforbodet gjekk opp i snøkave dei første aprildagane, held arbeidet med tiltak mot vegslitasjen fram for fullt. Hordaland Vegkontor har tatt opp hanskens, og idedugnaden mellom fagfolk på spørsmålet tidlegare i vår, har gjeve startskotet til eit omfattande arbeid. Seminaret blir no etterfylgd av konkrete tiltak, som alt er iverksette, opplyser leiar for piggdekkseminaret, driftssjef Jann B. Jensen til Veg i Vest.

- Kva for tiltak snakkar vi om?  
- Vi har gått laus på kvaliteten i det vegdekket som blir levert. Krava til kvalitetssikring andsyner entreprenoren som legg dekket blir skjerpa. Vi er glad for at hovudleverandøren, Nodest i Arna, tok initiativet sjølv til eit møte om dette. Dette arbeidet er i gang. Samstundes må Vegvesenet følgje opp kvalitetssikring på dekke som vert lagt i eigenregi.

## «Flytting» av vegbana

- Andre tiltak som blir vurdert?  
- Ikkje berre vurdert. Vi har vedteke å innføre prøvestrekningar med fleksibel merking av vegbana. Dette gjeld ved merking av nylagde dekke på ein del vegstrekningar. Det vi gjer er å flytta trafikksona på vegen for kvar eller annankvar sesong, for på denne måten å jamna ut slitasjen, og såleis spara på ny dekkelegging. Dette gjeld vegmaling på strekningar i vegklasse 2B eller betre.



## Betre vegdekke og bindemiddel blir vurdert

- Tyder dette at ein må nyitta eit anna slag vegmaling?

- Vi må ta i bruk ei kraftigare plastmaling, som fungerar slik at det vert vibrasjonar i bilen når hjula kryssar linea. På dette viset vonar vi å få dirigert trafikken og styrd slitasjen på vegdekket betre enn under dagens tilhøve, seier Jensen.

## Læra av finnane

- Kvaliteten på middelet som bind saman dekkemassen har vel og ein god del å seia for slitasjen?

- Vi har diskutert å ta i bruk eit modifisert bindemiddel, som gjev oss eit meir slitesterkt vegdekke. Det finnест ein type på marknaden som har iallfall dobbel så lang levetid som det vi nyttar i Hordaland i dag. Her må vi prøva oss fram, men erfaringar fra slikt slitesterkt bindemiddel har dei hausta i Finland, særleg i traktene kring Helsingfors. Vi gjer difor framlegg om å studera tilhøva i Finland nærrare, som ein lekk i arbeidet med å ta i bruk slike løysingar også i Hordaland. Sjølv om prisen på dette middelet er 2-3 gongar så høg som ordinære produkt, kan det fort løna seg med eit sterkare bindemiddel.

## Sterkare Stein

- Kan val av steintype verka inn på slitasjen?


- Det kan det. Duraspit er ein type vi har noko røynsle med frå prøvedekke, ma langs Rv. 14 på Bergenshalvøya. Målingar kan tyda på at vi har oppnådd ein reduksjon av slitasjen på opp mot 30 prosent. Dette er prosjekt vi må arbeida vidare med.

- No snakkar vi berre om tiltak i vegdekket. Kva med syndaren, piggdekkja?

- Vi er stadig opptekne av å få redusert piggdekksesongen, og det ideelle ville sjølv sagt vera å kunna bli kvitt piggane fullstendig. Men vi treng ei nærrare avklaring av tilhøvet mellom vedlikehaldsøkonomi og trafikktryggleik. For å sjå nærrare på dette er det vedteke å trekke inn POC-utvalet ved Hordaland Vegkontor. Eit eige «syner-team» bør ta føre seg desse spørsmåla, og sjå på endringar i regelverket, i samråd med sentrale vegstyresmakter. Utgangspunktet må vera å få redusert dekkslitasjen gjennom nedsett bruk av piggdekk og piggkjetting.

- Og framfor alt, seier Jensen, er det viktig med betre informasjon til publikum om regelverket for dekkbruk, og om dei tiltaka som blir sette iverk for å redusera slitasjen på vegdekket framover.

- Det er store summar å spa på vedlikehaldsbudsjettet. Pengar som vil koma publikum til gode i form av eit betre vegnett.



Høg fart er medverkande til den store piggdekkslitasjen første vinteren gjennom Fløyfjellstunnelen.  
(Foto: Leiv Solberg).

## Stor slitasje i Fløyfjellstunnelen

- Slitasjen på vegdekket gjennom sørsgående løp i Fløyfjells-tunnelane har vore stor første vintersesongen, konstaterar overingeniør Arnfinn Instebo ved distriktslaboratoriet. Det er gjort målingar i 8 profilar gjennom heile tunnelen, med tilsaman 126 målepunkt. På det meste er 14 mm av dekket slite vekk.

Under ei måling i februar i år vart det registrert eit punkt med 18 mm slitasje. Desse målingane vart gjort utanom dei faste måleprofilane, og vi ser difor ikkje vekk ifrå at meir enn 14 mm av toppdekket kan vere fjerna i delar av tunnelen. Uansett er slitasjen stor, men noko av årsaka til dette ligg truleg i at asfaltmörtelen i toppen av dekket lett vert vekksliten. Neste vinter, når ein slit berre på steinlaget, vil ein få eit sannare bilate av slitasjen.

Gjennomsnittslitasjen på målingane

som vart gjort i mai i år, er på 4,6 mm. Men dette gjeld målingar over heile sporet.

Materialet viser elles at 10-11 prosent av målingane fortel om slitasje på 8-10 mm. Berre 1,5 prosent av målepunkta kan visa til slitasje på mellom 12 og 14 mm.

Dekket på sørsgående løp gjennom Fløyfjellet er Topeka 40 (40 mm maksimal storlek på steinen).

# PIGGDEKKSLITASJE:

Fire av innleiarane under idedugnaden om vegdekkeslitasjen i vår. Frå venstre driftssjef Jann B. Jensen, Hordaland Vegkontor, konsulent Johan A. Aase, Cicero Utviklingsplan A/S, bilsjef Odd Høitomt, Freia A/S og sjefsingeniør Trond Syversen, Statens Forureiningstilsyn.  
(Foto: Erling Grønsdal).



## MILJØKONSEKVENSAR FOR 500 MILL. KR. I ÅRET?

Miljømessige følgjer av vegdekkeslitasjen som piggdekket fører med seg, løper opp i mellom 250 og 500 mill. kr. i året, hevder sjefsingeniør Trond Syversen i Statens Forureiningstilsyn. Han var mellom innleiarane på idedugnaden om vegdekkeslitasje som Hordaland Vegkontor baud inn til i vår.

Partiklane som blir virvla opp når piggdekket blir slitt av vegdekket, gir støv- og nedsmussingsplager for kring 20 prosent av folket her i landet. Samstundes gir skiten frå slitasjen nedsett sikt under bilkjøring, noko som aukar trafikkfären. Auksjonen i talet på trafikkulukker ligg på mellom 0 og 50 pr. år.

### 800.000 er plaga

Trond Syversen viser til ei intervju granskning som fortel at kring 800.000 menneske i Norge kjenner seg meir eller mindre plaga av støv og smuss frå vegtrafikken. Det vert totalt slite vekk kring 250.000 tonn asfaltdekke pr. år. Det alt vesentlege i piggdekkessongen. Dette er hovudårsaka til plagene for dei 800.000.

Sjølv om spylevæske og vindusviskarar er flittig i bruk, blir bilrutene tilslussa av asfaltstøv. Smuss på lyktene gjev nedsett sikt ved mørkekjøring. Ein indirekte risiko er det når veg- og trafikkskilt vert tilslussa av det same slagget frå slitasjen på vegdekket. Ingen har målt kva verknader dette har, men Syversen meiner at auken i talet på trafikkulukker ligg på


### Forverring i Hordaland

- Dersom vi ikkje finn mottrekk mot vegslitasjen vil det vera ein stadig reduksjon av vegstandarden, sa driftssjef Jann B. Jensen i innleiinga si på seminaret. Særleg utsett er Hordaland, med sterke vekst i trafikken og stor trafikk på våt og berr vinterveg, noko som gjev drastisk auke i slitasjen.

Jensen syntte forsamlinga lysbilete med prov på den sterke dekkslitasjen sist vår. Djupe og trafikkfarlege køyrespor, ureining og nedslamming av bygningar, fortau, skilt og dreneringsystem fører til at det er vanskeleg å halda dei standardkrava som gjeld for vedlikehald av vegane.

I fjor la Statens Vegvesen Hordaland 280.000 tonn nytt vegdekke, til ein kostnad av 87 mill. kr. Av dette ligg 60 prosent att som slitasjeprodukt langs vegane.

# SOGESUS TIL 5 MILL.



«Kåtedalen - ein fangstbuplass gjennom 5000 år», heiter utstillinga som var innom vegkontoret i vår. Det er steinalderfunna frå vegprosjektet forbi Fosstraumen som på denne måten blir presentert for eit større publikum. Utgravingane er utførde av arkeologar ved Universitetet i Bergen, og Statens Vegvesen Hordaland har kosta arbeidet, som totalt har kome på 5 mill. kroner. (Foto: Erling Grønsdal).

## Dei styrar samferdsla i Hordaland

Fylkeskommunale «bein» innan samferdslesektoren er delte ut for inneverande fireårsbolk. Og dei lokale vegpolitikarane er godt i gang. Sigurd Hille (H) held fram som leiar av samferdslestyret, med Alv Nepstad (FrP) som nestleiar.

Med i utvalet er elles Knut Sjøwall (A), Svein Stokholm (A), Gerd Rydland (A), Tor Turøy (SV), Mikal Møller Hovda (H), Ragnar Nøttveit (H), Reidar Gjerstad (FrP), Olav Vik (Krf), Hallvard Møgster (Krf) og Grete Kvivilvang (V/DLF).

### Kollektivtrafikkutvalet (KTU)

Sigurd Hille (H) leiar  
Gerd Rydland (A) nestleiar  
Svein Stokholm (A)  
Alf Nepstad (FrP)  
Olav Vik (Krf)

**Fylkestrafiksikringsutvalet (FTU)**  
Hallvard Møgster (Krf) leiar  
Mikal Møller Hovda (H) nestleiar  
Gro Lutro (A)  
Tor G. Turøy (SV)  
Reidar Gjerstad (FrP)

### Klageutvalet

1. Knut Sjøwall (A) leiar
2. Grete Kvivilvang (V/DLF)
3. Ragnar Nøttveit (H)


Hans Kårstad (t.v.) og Nils Bøe har hatt ein vanskeleg jobb med å sikre vegmuren gjennom Rødsliane. (Foto: Erling Grønsdal).



Oppsynsmann Rolf Østgulen (t.v.) og anleggsleiar John E. Ellefsen er godt nøgde med framdrifta på utbetringa gjennom Rødsliane. (Foto: Erling Grønsdal).

- No heng veggen fast, seier Nils Bøe og Hans Kårstad på veganleggjet i Rødsliane mellom Os og Rolvsvåg. Dei har forskala og støypt ein høg sikringsmur utanpå den gamle og falleferdige vegmuren i det stupbratte og rasfarlege partiet. To skritt bakover, og du reiser beint i Samnangerfjorden, 120 meter under føtene dine, seier Nils Bøe til Veg i Vest, som har vore på synfaring til den duglege anleggsgjengen på fylkesveg 137 gjennom Hegglandsdalen og Rødsliane.

- Det første vi måtte skaffa oss var eit påliteleg sikringsgjerde på denne luftige arbeidsplassen. Litt arbeidssamt har det vore, vedgår dei. Det er ikkje lett å finna truverdig feste i det vanskelege fjellet. Den gamle vegmuren var i svært dårlig stand, og har opp gjennom åra rasa ut, bit for bit. På det verste stykket er det lagt ei jarnplate under vegen, for å sikra han mot ny



## - No heng veggen fast!

utrasing. Det er bora inn bolter, og lagt ein dragar under vegbana. Den gamle kjerrevegen på 3 meters breidd vert utvida, og skal få status i vegklasse

3. Når anlegget gjennom Rødsliane er fullført, før ferien, vil det vera råd å køre vegen med vanlig rutebuss. Det har ikkje vore mogleg før.

### Høge skjæringer

Fjellet stig stupbratt opp frå fjorden, og vegen ser mange plassar ut til å henga i lause lufta. Hylla der fylkesvegen i alle år har lege, er utvida betraktelig. Svært vanskeleg fjell er skote vekk. Opptil 18 meter høge skjæringer vitnar om krevjande og tungt arbeid i verhardt terrenget. Det er aldri stilt i

Rødsliane. Særleg hardt tek austavinden. Veret har likevel ikkje vore nok å hindring for det trauste arbeidslaget på 8 mann.

### Sterke nervar


- På fine dagar er dette ein framifrå arbeidsplass, seier Harald Langhelle og Kåre Hisdal. Dei har hatt oppgåva med fjellrensk i Rødsliane sidan i vinster. Til å løyse den oppgåva har dei hatt god hjelp av innleigd mobilkran.

- Korleis kjennest det å gå til værs i tomannskorga høgt over Samnangerfjorden?

- Du skal helst ikkje ha høgdeskrekke, i allfall. Er du glad i fin utsikt er derimot dette rette plassen å arbei-



Kranbilen har vore god a ha under fjellrensinga i det bratte terrenget.  
(Foto: Erling Grønsdal).



Jan Tveit gjer klar til ei ny salve.  
(Foto: Erling Grønsdal).

med leige av maskiner, med eitt unntak. Fire gravemaskiner, ei mobilkran, 2-3 bilar, ei boregeit, ein strosserigg og ein borerigg har vore i bruk på anlegget.

- Men framfor alt har vi hatt dugande og rutinerte fagfolk, som har gjort ein framifrå jobb. Det har kome mange positive reaksjonar frå grunneigarar og trafikantar om den gode jobben som er gjort på dette anlegget, fortel Ellefsen.

### Protestaksjonar

Fylkesvegen forbi Rødsliane har då også vore eit problem i ei årekke. For ti år sidan ramla vegen rett og slett vekk under eit ras. Seinare har det vore snør- og steinras med jamne mellomrom. Både foreldre og FOM-sjåførar har aksjonert for å få til ei utbetring av dette farlege vegstykket mellom Os og Samnanger.

Jamvel om det er komne signal om løvingsstogg for fylkesveg 137 neste år, vil iallfall den mest utsette delen av vegen til Lønningdal vera fullført i år. Planen for ombygginga av parasellen har eit kostnadsoverslag på 24 mill. kr. Fram til mai i år var det nytt a kring 10 mill. kr. av ei samla løvning på 16 mill. Det står enno att ca. 4 km veg gjennom Hegglandsdalen som skal utbetraast før planen er fullførd. Budsjettet for 1989 vil avgjere om ein kjem i mål etter dei opprinnelege planane, seier oppsynsmann Rolf Østgulen.

da, seier Langhelle, og smilar i barten. I aust skuar ein mot Tveitakvittingen på Kvamskogen, og på andre sida av fjorden ligg store delar av Fusø og Samnanger.

### Skotsalver i rett trafikk-rytme

- Det har vore vanskeleg fjell å skyte vekk, seier dei tre som har arbeid med sprenginga på vegen, Jan Tveit, Nils Aspenes og Edvin Natås. Skotsalvene har vorte tilpassa trafikken. For å ha vegen rydda for fri ferdsel mest mogleg, har borehola vore omlag 3 meter djupe. Vanlegvis går det to salver dagleg på dei plassane der sprenging pågår.

Det blir ikkje like høge skjæringer på heile det bratte partiet gjennom Rødsliane. Nokre stader blir det strossa ut høveleg vegbreidd, med overheng.


### Ei halv mil ny veg

Når fellesferien er her vil vegfarande kunne køyra på tilsaman 5,6 km ny veg på den 10,5 km lange fylkesveg-parasellen frå krysset ved riksveg 552 på Hauge - til Lønningdal. Dei to førszte parasellane, på tilsaman 2,1 km var fullført sist haust. Til ferien vert to parasellar, på tilsaman 3,5 km ny veg ferdig, den eine forbi Rødsliane. Penetrering skjer i slutten av juni, opplyser anleggsleiar John E. Ellefsen til Veg i Vest. - Målet er å oppnå 10 tonns ak-sellast på heile strekninga frå Hauge til Lønningdal, mot 8 tonn i dag, og høve til å nytte køyrety med 12,4 meters lengde på heile vegen. På strekninga Hauge-Rød blir det høve til å køyra med 18 meters køyrelengde.

### Framifrå jobb

Arbeidet har skjedd i eigenregi, men

Vegvesenet har lagt stor vekt på eit godt samarbeid med grunneigarane under ombygginga av fylkesveg 137 frå Hauge til Lønningdal i Os kommune. Han som eig mest av den grunnen som går med til nyevegen, Anton Sagen, er i allfall godt nøgd med informasjonen frå byggherren. Til Veg i Vest seier Sagen at man-gardbrukarane i Hegglandsdalen var negative til vegprosjeket då planane var framlagde. Etter kvart som anleggsarbeidet har skride fram har dei fleste fått eit meir positivt syn på det heile.




Gardbrukar Anton Sagen i Hegglandsdalen er godt nøgd med den jobben Vegvesenet har gjort på fylkesvegen. (Foto: Erling Grønsdal).

## Grunneigarane godt nøgde

- Reaksjonane gjekk vel helst på det å få trafikken heilt opp i trappesteine, seier Sagen, som ventar at vegskjønet blir halde til hausten.

Det er inngått frivilleg avtale for dei

fleste grunneigarane i det aktuelle området. Ein del av dei som har fått mest grunn teken til vegbygginga har likevel ordna seg gjennom advokat, og for desse blir skjønet avgjerande for den prisn som skal gjelda for inngrepa.



### Statshogst i bratt lende

I tillegg til oppgjør for grunnen vil nokre av oppsitjarane kunne gjera ein god handel med alt tømmeret som Vegvesenet har hogd og ført fram til samleplassar i Rødsliane. Ein månads hogstperiode innleia anleggsarbeidet før jul. Vegvesenet sine folk gjekk laus med øks og motorsag i svært vanskelig terreng. Med godt utstyr og høve til å stenga vegen for trafikk, vart oppgåva løyst. Femti år gammal planteskog vart rydda, og det er store mengde tømmer som no kan seljast av bøndene i Hegglandsdalen, eller nyttast til eiga husbygging.

Store mengder framifrå tømmer er hogd av Vegvesenet. Dette er skog som knappast ville ha blitt utnytta om det ikkje var for veganlegget i Rødsliane, seier oppsynsmann Rolf Østgulen, som her viser fram ein av fleire opplagsplassar som er fylde med solid gran. (Foto: Erling Grønsdal).

# Populært tverrsamband

Oppgraderinga av fylkesveg 137 mellom Hauge og Lønningdal i Os til vegklasse 3, skjer i første rekke for å betra tilhøva for lokaltrafikken. Bygdene i den nordaustre delen av Os får med dette eit betre samband til kommunesenteret Osøyro. Betre veg gjev ny vokster for grondene i denne delen av Midthordland. Nye bustadhus vert bygde på vestsida av Samnangerfjorden. Reisa til og frå Osøyro blir overkommeleg, med ein god og trygg veg året rundt.

Men vegan mellom Os og Samnanger er og blitt oppdaga av trafikantar som vil gjera turen austover i fylket snøggare. Ikkje minst trafikk over Halhjem nyttar i aukande grad vegan om Lønningdal som snarveg for å koma inn på E68. For folk i delar av Os er dette likeeins snaraste vegen austover, til Kvamskogen og Hardanger t.d.

## Periodevis stengd

Eit bilet av trafikkmønsteret har dei danna seg, Vegvesenet sine anleggfolk i Rødsliane i år. På grunn av dei spesielle terrengetilhøva, med sprenging i fjellsida tett inntil vegbana, har vegen vore stengd delar av dagen. Tilsaman 4 timer, delt på to økter, har det vore stogg i trafikken.

Dei vegfarande har stort sett teke dette pent, og innsett at slike åtgjerder er naudsynt for å koma gjennom dette anlegget på rimeleg tid.




Harald Langhelle (t.v.) og Kåre Hisdal har utført fjellrensken i Rødsliane. (Foto: Erling Grønsdal)



Fylkesveg 137 er først og fremst lokalveg for bygdene lengst aust og nord i Os kommune, men gjennomgangstrafikken aust-vest i Midthordland, om Rødsliane, er aukande. (Foto: Erling Grønsdal).

## ANLEGBÅTEN



Sjarken «Toffen» av Lønningdal har vore med på anleggsarbeidet forbi Rødsliane. Ein god del skog har hamna direkte i fjorden under sprengingsarbeidet. Ikkje minst av omsyn til merane hos Evos, forsøksstasjonen for fiskeoppdrett, i bakgrunnen på biletet, har vore viktig å «fiske» opp krattskog frå sjøen. (Foto: Erling Grønsdal).

Vedlikehaldsarbeid i tunnel - det kan vera fårlig det! I allfall når trafikantane susar forbi utan å ta særleg omsyn til vegarbeiderane. Når ein ikkje kan stenga tunnelen for trafikk medan ein gjer jobben, er skiltvarsling om nedsett fart og pågåande arbeid naudsynt. For å gjera denne skiltinga enklare har ein ved munninga av Løvstakktunnelen sett opp faste skilt som varslar om dette. Skiltet kan skjulast for trafikantane med eit enkelt handgrep, slik at det berre er i bruk når det er trond for det.



Kåre Johnsen syner korleis varselskiltet fungerar. Øvste halvdelen kan vippast opp når skiltet skal takast i bruk.  
(Foto: Thorstein Haugen).

## Enklare skilting av tunnelarbeid

Det gjeve løyve til nedsatt fart frå 70 til 50 km/t når slikt arbeid går føre seg. Fartsgrenseskiltet ved tunnelmunninga har båe variantane fast montert. Det er ei enkel sak å skifta skiltet som skal gjelda.

### Skiltlås

Det same gjeld skiltet som varslar om at arbeid pågår i tunnelen. Trekantskillet er montert øvst, og det gule skiltet med teksten «Arbeid i tunnelen. Kjør forsiktig» står under. Ved eit enkelt grep kan det øvste skiltet vippast ned, slik at det dekkjer teksts-killet, med baksida fram. Med andre ord ser dei vegfarande eit grått «ikkje-skilt» når det er ute av bruk, og eit godt synleg varselskilt når trøngan for dette er til stades.

Når skilta er ute av bruk, er dei stengde med lås, for å unngå at ivedkomande set dei i drift når det ikkje er vedlikehaldsarbeid i tunnelen.

### Stor fart

Kåre Johnsen har bygd dei nye skiltstativa, i samarbeid med oppsynsmann Jan Gunnar Tufteland ved vegstasjonen på Hop. Johnsen har røynsle frå vedlikehaldsarbeid i Løvstakktunnelen, - og kjenner såleis godt til trøngan for vernetiltak. Trafikantane held stor fart gjennom tunnelen, også når arbeid pågår. Avstanden mellom parkeringsnispjane i tunnelen gjer at det ofte blir eit stykke å gå til den plassen der arbeidet skal gjera. Problemet kan til dømes vera å kryssa vegen når trafikken er stor. Ved eitt tilfelle vart dessutan vegvesenet sin bil påkjørt bakfrå. Til alt hell var det ingen som sto ved bagasjerommet bak på bilen då påkjørsla skjedde.

Johnsen seier ellers til Veg i Vest at dei djupe bilspora etter piggdekkslitasjonen også kan vera eit problem når ein skal kryssa vegbana. Ein må passa seg

så ein ikkje snublar i gropene som piggdekka lagar.

### Kjem i alle tunnelar

- Tek trafikantane omsyn til dei nye skilta?

- Både og. Kanhende ville dei vera endå meir effektive dersom vi fekk eit betre blikkfang på skilta. Til dømes med eit gult blinklys over skiltet som varslar om arbeidet i tunnelen, seier Kåre Johnsen.

Oppsynsmann Jan Gunnar Tufteland viser til at dette har vore vurdert som ein for komplisert installasjon. Men dersom det syner seg at trøngan for lys er til stades, vil ein vurdera dette på nytt.

Den nye skiltordninga har vore praktisert med hell, og det er på tale å innføra systemet i alle større tunnelar, seier Tufteland til Veg i Vest.

Mange møter har det blitt i kjølvannet av POC-arbeidet i toårsperioden.  
(Foto: Erling Grønsdal).

# POC

- ballong eller utviklingsverktøy for etaten?

Det er nå 2 år siden vi startet det organisasjonsutviklingsarbeidet som har fått navnet POC. På tross av et målbevisst informasjonsarbeid gjennom POC-posten og møtereferater, er det mange av våre ansatte både på kontoret og i driften som er usikker på hva som pågår i POCs navn. Det kan derfor være på tide å stille spørsmål om hva som skjer og hva som konkret er oppnådd gjennom dette arbeidet.

- Når disse spørsmål skal besvares er det viktig å ha klart for seg hva som var utgangspunktet og hensikten med dette arbeidet. De sentrale forhold kan oppsummers i følgende hovedpunkter:
- Definere etatens funksjon og ansvar gjennom å utarbeide en virksomhetside.
  - Fastlegge langsiktige og kortsiktige mål for vår virksomhet.
  - Bedre effektiviteten og konkurranseevnen.
  - Bedre beslutningsprosessene og sikre bedre gjennomføring av beslutninger.
  - Løse problemer som er konkretisert gjennom diagnose av etaten.
  - Etablere et utvidet «lederforum» hvor utviklingsoppgaver står sentralt gjennom deltagelse av ansatte på alle plan.

## Handlingsplan

Hovedhensikten med arbeidet er å klargjøre vårt ansvar, fastslå omgivelsernes krav/forventninger til vår virksomhet og (gjennom utvikling av or-



ganisasjonen) klarlegge hvordan vi skal nå de mål vi har satt oss.

Hva er så oppnådd i den tiden som er gått?

- Vi har fastlagt virksomhetside for etaten som supplement til «Grunnlag og hovedmål». Gjennom virksomhetsideen har vi klart fastslått vårt ansvar, konkretisert våre hovedoppgaver og klarlagt de rammebetingelsler vi må arbeide etter.

- Gjennom avdelingsvis gjennomgang har den enkelte avdeling utviklet et handlingsprogram for virksomheten på egen avdeling. Våre hovedoppgaver er trukket opp gjennom NVP, men gjennom handlingsplanene for den enkelte avdeling er det fastslått hvordan oppgavene best skal løses innen fastlagte frister. Det viktigste siktemålet for disse planene er å effektivisere våre driftsoppgaver og forvaltningsoppgaver slik at vår konkurranseevne øker.

## Utvikle lagånden

- Gjennom problemgrupper, «synnerteam», har vi fått fatt på løsning av konkrete problemer som tidligere er listet opp gjennom såkalt «diagnose» av etaten. En rekke av disse problemene er det også ansett løsning på gjennom de avdelingsvise handlingsplaner.

Konkret kan her vises til maskinprosjektet, gjennomgang av oppsynssituasjonen, registrrene, en del tiltak innen personalområdet, samt samarbeid biltillsyn/vegkontor. Videre arbeides det med konkret gjennomgang av vår totale informasjonsvirksomhet, både internt og eksternt.

- Gjennom arbeidet i POC-gruppen er problemer og langsiktige oppgaver gjennomgått. Hensikten med den brede sammensetningen av

gruppen er å skape en bevisstgjøring som utvikler «lagånden» totalt i etaten.

Det er imidlertid viktig å ha klart for seg at POC-arbeidet i stor utstrekning omfatter utviklingsoppgaver. Resultatet av arbeidet vil derfor primært synlig gjennom avdelingenes bevisste holdning til de definerte målsettinger etaten har satt opp. POC-arbeidet vil derfor best konkretiseres gjennom den måten den enkelte avdeling løser sine oppgaver på.

## Klare gevinst

POC arbeidet fortsetter fram til 1/1 -89, som er tidspunkt for vurdering av de resultater som er oppnådd. Så langt har arbeidet svart til forventningene, men det er klart at på enkelte områder kunne vi ønsket bedre resultater. Særlig gjelder dette måten avgjørelsene blir fulgt opp. Vi har heller ikke hatt kapasitet til å gjennomføre den brede profilering mot vårt marked, som opprinnelig var forutsatt, og som det er lagt opp til i vår virksomhetside.

Det er ledelsens vurdering at vi har hatt klare gevinst ved det arbeidet som er gjennomført. Det organisasjonsutviklingsarbeidet som er gjennomført, har primært skapt en bevissthet i etaten som er avgjørende for effektiv løsning av de problemer og oppgaver vi står overfor.

Til slutt må det nevnes at informasjon om POC finnes i de POC-postene som til nå er gitt ut. Informasjonsarbeidet vil fortsette, i første omgang nå med informasjonsmøter om handlingsplanene for den enkelte avdeling. Det er også viktig å hente informasjon fra de POC-medlemmer som er på den enkelte avdeling.

Egil T. Pedersen

Eitt av uhella siste kvartal skjedde på stillaset ved støping av tunnelmunninga i nordenden av det nye løper på Eidsvågstunnelane. (Foto: Erling Grønsdal).

Arbeidsulykker og fråvær i vegvesenets vegarbeidsdrift ligg generelt på eit lågare nivå enn i det private arbeidsliv/anleggsmiljø.

Likevel må det seiast at vegvesenets ulykkestal er for høge og at det må vera ei målsetjing å redusera desse.

Vegarbeidsdrifta i Hordaland har den tvilsomme æra å vera med på å heva gjennomsnittstala i vegvesenets ulykkesstatistikk, og dette er ein posisjon som vi ikkje kan vera nøgde med av fleire årsaker:



## FELTTOG MOT ARBEIDSULUKKER – 4 ÅRIG HANDLINGSPLAN VEDTEKEN AV AMU

### Tragedie

- Ei arbeidsulykke er i mange tilfelle ein tragedie for den som vert råka, for familie, arbeidskamerater og nærmiljøet.
- Ei arbeidsulykke koster pengar, både for den einskilde, vegvesenet og for samfunnet.
- Ulykke grunna tankeløyse eller aktøyse kan føra til eit unødvendig byråkratisk regelverk, som den einskilde arbeidstaker i sitt daglege arbeid føler som ei tvangstrøye, og som går ut over trivselen på arbeidsplassen.

### Løfta i flokk

Dei siste åra har vi hatt fleire alvorlege ulykker i Hordaland, også ei svært trist dødsulykke, som skulle motivera oss til å ta opp kampen for å endra den nega-

tive statistikken i langt meir positiv retning.

Andre etater/bedrifter har sett seg høge mål på denne sektoren og makte å oppfylla desse, så eg kan ikkje sjå nokon grunn til at vegvesenet i Hordaland skulle vera dårlegare, berre vi løfter i saman!

### Menneskeleg svikt

Det som er spesielt for ulykkene i Hordaland er at dei opptrer i nesten alle arbeidsoperasjonar i drifta, og at dei har karakter av menneskeleg svikt. Svært få skademeddingar oppgir feil med teknisk utstyr som årsak. Dessa årsakstilhøva gjev det vanskeleg å finna dei rette innfallsvinklane i problemloysingsprosessen, den rette strategi.

Arbeidsmiljøutvalget (AMU) drøfta sak i møte 10. oktober 1987 og ved-

tok at «Arbeidet med å redusera arbeidsulykkene skal prioriterast høgt».

Etter at saka blei drøfta på dei etterfølgjande møta blei det i møte 17. mars 1988 sett ned eit utval som fekk i oppdrag å utarbeida eit forslag til «Handlingsplan for å redusere arbeidsulykker». Forslaget blei lagt fram for AMU i møte 6. april, og vedteke med mindre justeringar.

### Hovedmål/Strategi/Framdriftsplan

Handlingsplan, ulykker, skader, definisjoner.

Handlingsplanen tar utgangspunkt i ulykkesfrekvensen på landsbasis i Statens vegvesen i åra 1984 - 86. Medelverdien for landsgjennomsnittet låg på 37. Hordaland hadde i same perioden ein gjennomsnittleg frekvens på 58.

Ei ulykke er ei ukontrollert (uveanta) hending. Skadene er følgjene av ulykker.

Når vi i denne handlingsplanen snakkar om ulykker, er det ulykker med personskade med fråvær 1 dag eller meir.

Ulykkesfrekvens = Skader pr. 1000 årsverk

#### Hovedmål:

Statens vegvesen Hordaland skal i løpet av ein 4-års periode nå ein ulykkesfrekvens på maksimalt 37, d.v.s. innan utgangen av 1991.

Målsettinga byggjer på dei forutsetningar som er nedfelt i «Personalplan i drifta» for tidsrommet 1986 - 93.

## VIRKEMIDDEL

### 1. Avdelingane.

Arbeider med å redusere arbeidsulykkene er i første rekke eit avdelingsansvar. Det er liten forskjell i ulykkesfrekvens på dei forskjellige avdelingane/arbeidsplassane/arbeidsoperasjonane. Vi har likevel registrert ein del arbeidsplassar som har høgare ulykkesfrekvens enn gjennomsnittet, og på desse arbeidsplassane må tiltak setjast inn raskt. Trenden syner at årsakene i dei fleste tilfelle er menneskeleg svikt, og sjeldan feil med det tekniske utstyret.

### 2. Verneomboda.

Vi må starte med å aktivisere verneomboda. Dei må få høgare status - og må få opplæring der det er nødvendig.

3. Samarbeid verneombod/linjeleiing. Den daglege leiinga og verneomboda må arbeide nærmare saman. Verneomboda må koma meir med i styringa. Det må takast omsyn til at linjeleiinga (anleggsstyrar, vegmeister) i dag har eit sterkt arbeidspress.

### Delmål

- Det er eit mål å redusera arbeidsulykkene innanfor den enkelte avdeling.

- Verneomboda må aktiviserast. Vi må få eit korps med skolerte verneombod. På spesielle arbeidsplassar kan det vera nødvendig å gje meir opp-

læring. Vi må få valgt verneombod som er interesserte i vernearbeidet. Verneombodet skal medverka til eit forsvarleg arbeidsmiljø.

- Dei faste formennene i vedlikehaldet skal no få opplæring i samband med delegering av oppgaver frå nivå 3 til nivå 4. I denne samanheng må dei også få betre opplæring i vernearbeid. Desse skal ikkje erstatta verneomboda.

- Byggemøta og lagsmøta skal ha eit punkt på dagsorden for vernesaker.

### Strategi/Konkrete tiltak

Verneleiaren og hovudverneombodet registrerer kva arbeidsplassar som har høg ulykkesfrekvens. Skademeldingane vil syna kva arbeidsplassar dette er. På desse arbeidsplassane skal det utarbeidast handlingsplan for å redusera ulykkene. I dette arbeidet skal verneleiaren, hovedvernombod, verneombod og den daglege leiinga delta. Avdelings/distrikts/seksjonsleiaren må heile tida haldast orientert om arbeidet, og må kunna konsulterast når trøngen er til stades.

Før arbeidet med handlingsplanen startar opp, må det informerast på arbeidsplassen om årsaka til dette arbeidet. Det må presiserast at målet ikkje er å finne «syndebukkar», men å få redusert arbeidsulykkene.

Vernerundar skal innførast som ei prøveordning.

Verneleiaren informerer/motiverer verneomboda, arbeidsleiinga og formennene for vernearbeidet.

#### Framdriftsplan:

29/4-88 Handlingsplanen håndsama i AMU.

1/5-88 J.B. Jensen informerer i bedriftsbladet om handlingsplanen og strategien.

1/5-88 Arbeidet med å laga handlingsplan for 5 arbeidsplassar startar opp.

1/7-88 Ferdig utarbeidd handlingsplan for desse 5 arbeidsplassane.

2 halvår 88 Bør ha fått positiv utvikling

31/12-88 Oppsummering i kvartalsrapporten for kvar avdeling.

1/1-89 Den enkelte avdeling startar arbeidet med å skissera framlegg til arbeidsmål. Avdelingane kan sjølve avgjera om dei vil ta med alle arbeidsplassane ne, eller plukke ut einskilde. Arbeidsmålet skal leggast fram for AMU.

### Medio febr. 89

Utarbeida årsrapport når tala for 1988 ligg føre. Langedal og Måge utgir «tryggleikspost».

### Utg. av 1 kv. 89

Avdelingane legg fram forslag til arbeidsmål for AMU. Planen må innehalda prognose over måloppnåinga i 4-års perioden.

31/12-89 Positiv utvikling.

31/12-90 Sterk forbetring.

31/12-91 Passering av målet på frekvens 37.

## Prøveordning med «vernerundar»

Som vi ser er handlingsplanen mål- og resultatretta, med ein konkret tidsplan.

Strategien byggjer på at vernearbeid er eit linjeansvar, d.v.s. vernearbeidet skal byggjast inn i planlegginga og i det daglege arbeidet.

Det synest naturleg å ta fatt i dei arbeidsplassar der det er registrert flest arbeidsulykker/nestenulykker, og få utarbeidd handlingsplanar her.

Omgrepet «vernerundar» har gitt gode resultat ved mange arbeidsplassar. Desse skal no takast i bruk som ei prøveordning i Hordaland. Ansvoaret for gjennomføringa av vernerunden ligg hos arbeidsleiinga, d.v.s. anleggsleiari/vegmeister. I prinsippet blir det gjennomført regelmessige rundar på anlegget/distriktet der arbeidsleiing og representantar for arbeidstakarane tek del. Fårleie tilhøve blir notert og utbeta/fjerna.

Det skal fokuserast meir på verneomboda. Desse skal i større grad aktiverast/skolerast og få høgare status i sitt arbeid. Det må leggjast større vekt på å få verneombod som er interessert i vernearbeid.

## Målet må vera ingen ulykker

Er det store nok ambisjonar i målsettjinga?

Somme vil seja nei, andre vil seja at vi ikkje har tid til å driva med dette på toppen av alt det andre vi har å gjera. Utvalet og seinare AMU, drøfta dette spørsmålet grundig. Konklusjonen var lett å trekka; Det var full semje om målsettjinga, og det er ingen grunn til å stoppa opp ved ein ulykkesfrekvens på 37, målet på sikt må vera 0!


Jann B. Jensen  
Driftssjef

Dei tilsette i Vegvesenet fekk prøva seg på 4 ulike maskiner. Her er det grave-maskina som er i sving på «eksamensfeltet» i Rådal. (Foto: Erling Grønsdal).



## NYTTIG FAGPRØVE I MASKINKØYRING

Oddvar Selje fra Voss ser fagprøva som eit høve til å skaffa seg breiare arbeidsgrunnlag i Vegvesent. (Foto: Erling Grønsdal).




- Eg driv til dagleg med sprenging, boring og grøfting på Bolstadanlegget. Då tilbodet kom om fagprøvekursen for maskinkøyring, såg eg det som eit grunnlag for å få fleire bein å stå på, seier Oddvar Selje fra Voss til Veg i Vest. Saman med 54 andre vegarbeidarar har han i vår vore igjennom både den teoretiske og praktiske fagprøva.

Selje har 10 års erfaring frå Statens Vegvesen i Hordaland, men har vore vekke frå maskinkøyring ei tid. Under den praktiske prøva i Rådalen nyleg fekk han testa seg i nye maskiner. Veg i Vest fann Selje i full sving med ein Volvo BM 4300 hjullastar, i ferd med å leggja masse på ein av dei mange vegane i området, som fekk ei ekstra oppussing dei dagane fagprøva pågjekk.

### Maskinutvikling

- Her får du ikkje velja kva maskin du skal prøva deg på, seier Selje, og sen-

# STRENGE KRAV



Knut Iden frå Holsnøy kjende seg heime i veghøvelen, ei maskin han kører til dagleg på vegane i Nordhordland. (Foto: Erling Grønsdal).

der eit blikk til ein cat-maskin like ved, som han sjølv har taket på frå tidlegare praksis. Volvo 4300 har eit rikare register av instrument. Maskinene har utvikla seg sidan eg sat i førarhuset. Det er litt av kvart å lera, seier han.

- Også i teorien?

- Ja, men det vart kanhende litt i mestet laget av stoff på det helgakurset vi fekk. Elles har vi sjølv sagt fått innblikk i mange detaljar. Ting som du kanhende ikkje møter til dagleg ute på anlegg, seier Oddvar Selje til slutt.

## På heimebane

Knut Iden kom frå Holsnøy til Rådalen for å ta den praktiske prøva, men kjende seg likevel på heimebane. Vi møtte han på veghøvelen, ei maskin han må reknast som fullbefaren på. Femtens års erfaring frå Vegvesenet, med veghøvel som spesialfelt, skulle vera eit godt grunnlag for å greia fagprøva. Sensor var då og full av lovord om køyringa hans.

- Å køyra veghøvel er berre eit spørsmål om øving, seier Iden. Den teoretiske delen av fagprøva gjev maskinkøyrarane eit teoretisk grunnlag for den daglege jobben.

Iden er elles godt nøgd med lærarkretene og undervisningsopplegget for kurset.

- Vi set strenge krav til fagprøva for maskinkøyrarar, seier Harald Søvik til Veg i Vest. Har er til dagleg hovudlærar ved anleggsmaskinavdelinga på Os yrkesskule, og inngår i sensortrioen for prøva, saman med entreprenør Rune Fyllingen i Fyllingen maskinstasjon og maskinkøyrar Erik Kolve hjå entreprenør O. L. Kyte på Voss.

- Kven avgjer kva krav som skal gjelda?

- Prøvenemnda for Hordaland har lagt seg på ein viss praksis. Men rettesnora er dei gjeldande prøveførersegnene. Kvar av dei fem maskinene kandidatane skal prøve seg på, er omtalt i føresegnene med eit stykke arbeid. Det skal arbeidast etter oppgjevne høgder og stikk.

## Krava aukar

Kvar kandidat skal prøve seg på to maskiner, eventuelt tre, dersom vi meiner at prestasjonane er for dårlige for dei to første. Maskinene det gjeld er hjullastar, gravemaskin, veghøvel, traktorgravar over 6 tonn og bulldosar.

- Vil det verta eit krav til ein maskinkøyrar at han har fagbrev?

- Vi ser iallfall klare tendensar til dette i dei stillingslysingane som kjem no. Arbeidsgjeverane vel heller ein sokjar med fagbrev framfor ein som er utan dette papiret.

## Ikkje alle greier prøva

- Er strykprosenten stor mellom dei 55 frå Vegvesenet?

- Han ligg på kring 30 prosent. Det ser ut til at teori og praksis er om lag like vanskeleg. Det er iallfall ikkje nokon stor skilnad mellom dei to prøvene når det gjeld talet på stryk, seier Søvik, som legg til at det blir høve til å gå opp til prøva på nytt seinare.

- Kva er årsaka til at såpass mange ikkje greier prøva?

- Fleire har hatt arbeid på gamle

maskiner før. Sjølv om dei har ei maskin i det daglege arbeidet som dei kjenner seg stø på, kan dette verka annleis når dei skal prøva ei anna maskin under fagprøva. Når det blir vanskeleg å køyra ei maskin dei meinte dei skulle meistra godt, går dette utover innsatsen på fleire maskiner.

## Teknisk utvikling

- Er det skilnad på prestasjonane mellom maskintypene?

- Når det gjeld gravemaskiner ser det ut for at Vegvesenet sine folk er mest vande med forgravar, medan vi her på feltet let dei prøva seg på bakgravar. Den tekniske utviklinga frå 4 til 2 spaker på gravemaskina er elles noko som ser ut til å vera litt uvand for somme kandidatar. Det har vore store endringar i maskinparken dei siste 10-15 åra, og ein lyt følgja med i dette skal ein kunne passera fagprøva, seier Søvik, som meiner veghøvelen er ei maskin som skil dei duglege frå dei mindre efarine maskinkøyrarane.



Den tekniske utviklinga i maskinparken har vore stor dei siste 10-15 åra, seier hovudlærar Harald Søvik ved anleggsmaskinavdelinga på Os Yrkesskule, ein av sensorane under fagprøva i Rådalen nyleg. (Foto: Erling Grønsdal).

Det blir  
restriksjonar på  
røyking frå 1. juli.  
(Foto: Erling  
Grønsdal).

Vegvesenet blir røykfritt 1. juli. Det er i allfall utgangspunktet for dei vedtaka som er gjort i arbeidsmiljøutval og leiarmøte, etter at dei tilsette har gjort synet sitt til å kjenne gjennom spørreundersøkinga om røyking og røykeforbod. Det vert frå nemnde dato innført røykeforbod ved fellesbygget på Spelhaugen, med høve til å røyke på einmannskontor der publikum ikkje har tilgjenge. I kantina blir det slutt på å ta seg ein røyk etter brødskivene.

Same praksis skal følgjast ved kantiner og spisebrakker i utedrifta, i utgangspunktet. Men der er det gjort opning for røykarane i inntil halvparten av lokalet, når dei to sonene er fysisk skilde frå kvarandre.

Elles gjeld alminneleg forbod mot tobakksrøyking i kontor og bilar i utedrifta, der 2 eller fleire arbeidstakrarer er samla.

#### Nytt rom ved kantina

I vedtaket frå leiarmøtet heiter det at det kan bli installert røykerom der trøngen er til stades. Bedriftslege Jo-stein Waage, som har gjennomført spørreundersøkinga om emnet, seier til Veg i Vest at det truleg vil bli innreia eit rom for røykarar i tilknyting til kantina i fellesbygget.

Han viser elles til grundig dokumentasjon for at fleirtalet mellom dei tilsette i etaten er imot røyking i fellesrom.


Ja, eg vil vera med på røykeavvenningskurs.

Namn \_\_\_\_\_

Avd./arbeidsstad \_\_\_\_\_

Tlf. arb. \_\_\_\_\_ priv. \_\_\_\_\_

(Leverast/sendast til bedriftslegekontoret)



## Fellesbygget erklært som «røykfri sone»

Granskingsa syner at 57,1 prosent av dei tilsette i fellesbygget ønsker røykfri kantine eller totalforbod mot tobakksrøyking. Motstanden mot kantinerøyking er endå sterkare mellom utearbeidande.

#### Gledeleg nedgang i røyking

- Undersøkinga har vel også kartlagt kor mange det er som røyker i etaten?

- Vi har fått inn 432 skjema. Svarprosenten varierer, frå 67,4 prosent i fellesbygget - til berre 15 svar frå biltillsynsstasjonane i distrikta. Likevel må vi kunne slå fast at undersøkinga viser gledelege tal. 146 av svara er frå tilsette som røyker, det vil seie 33,8 prosent.

Siste undersøking av røykevaner i vegvesenet var gjort for to år sidan. Då viste statistikken at kring 46 prosent av dei tilsette røykte. Vi har med andre ord komme ned i underkant av gjennomsnittstalet på landsplan, og har såleis nådd målet vi settet oss for to år sidan, seier Waage. I fellesbygget er røykeprosent på 28, som er vesentleg under talet for 1986.

#### Talmaterialet

- Inneheld dei avdelingsvis tala interessante opplysningar?

- Vi ser mellom anna at motstanden mot kantinerøyking er sterkare på biltillsynet enn på vegkontoret. Ved biltillsynet ønsker 64,5 prosent forbod mot røyking i kantina, mens det på vegkontoret er 55,5 prosent som seier nei til tobakksrøyking under spisepausen.

I fellesbygget er det elles 28 prosent av røykarane som ønsker å sleppe tobakksrøyken i kantina.

#### Større motstand ute enn inne

- Du har også avdelingsvis oversikt over stemninga?

- Vi har sortert svara fra tilsette i anlegg, vedlikehald og maskin, og delt

dei på kontorpersonale og utearbeidande. Gjennomgående er det større motstand mot røyking blant dei som er ute enn ved kontorpersonalet.

Mellom utearbeidarane på anlegg ønsker 65,1 prosent røykfri spisebrake, medan 43,5 prosent av dei innearbeidande har eit slikt ønske.

På vedlikehald ønsker heile 70 prosent ute å forby røyking på spiseromma, medan 52,3 prosent av kollegene på kontoret har same synet på dette.

I maskinavdelinga seier 66,7 prosent ute nei til kantinerøyking. Her er motstanden endå høgare ved kontora på vegsentralane, der 68,4 prosent vil ha matpausen i fred for tobakksrøyk, fortel bedriftslege Jostein Waage.

### Ei vanesak

- Har det kome sterke reaksjonar mot vedtaket fra røykarhald?

- Reaksjonar har kome, svarar Waage diplomatisk, utan at han ser grunn til å referere desse. Han ser det heile som ei vanesak, og trur ikkje det skal vera vanskeleg å få gjennomført dei nye restriksjonane mot røyking i Vegvesenet. Han trur vedtaka vil føra med seg at røykarane tenner sigarett eller pipe litt sjeldnare, utan at dei tenkjer meir over det. I så fall har vi oppnådd ein del av føremålet med tiltaka.

- Kva med biltilsynet, der publikumstilstrøyminga er stor?

- Eg trur at det heile vil verke sjøvilkonsollerande der også. Skilta om røykeforbod vil vera godt synlege for alle. Lova vil etter kvart bli alminneleg kjend mellom publikum. Ikkje-røykarar vil nok påtale overtramp, trur Waage.

### Avvenningskurs

- Korleis blir vedtaket fylgd opp?

- Bedriftslegekontoret sender skilt som fortel om røykeforbodet ut til alle avdelingar. Arbeidsleiinga har ansvaret for å få desse skilta på plass.

- Elles reknar vi med at trøngan for avvenningskurs vil melda seg med fornya styrke når restriksjonane blir innført. Det er absolutt aktuelt å skipa til slike kurs. Vi har alt vore i kontakt med fagfolk på slike avvenningskurs for røykarar. Kurset vil bli halde i Bergen, og er ope for alle, både utedrifta og kontor-medarbeidarar. Dei som er interessert i kurset kan venda seg til Anne Marie Måge eller meg, seier Jostein Waage.

## VIDEO OM KYSTSTAMVEGEN



Robert Davidsen og Sissel Husby i Norsk Media Senter A/S i Bergen har hatt ansvaret for videofilmen om kyststamvegen.

Eit nytt hjelpemiddel er laga for å informera om Kyststamvegen. Det er tale om ein videofilm på 21 minutt, som kyststamvegutvalet har ansvaret for. Dei aller fleste opptaka er gjort i år, og filmen legg vekt på den breie interessa for eit fast vegsamband på tvers av vestlandsfjordane.

Næringslivet sine mange argument for betre kommunikasjonar langs Vestlandet står sentralt. Video-filmen er laga som ein reportasje om Kyststamvegen, der målsmenn for ulike bransjar står fram med sine grunnar for å støtte planane.

### Har venta 15 år

Vestlandet sin strategiske posisjon når det gjeld havbruk og oljeverksamhet blir trekt fram. Sjefen på Rafinor har venta 15 år på Salhusbrua, seier han, og er glad for at klarsignal for bygging av bruva no er gjeve.

Også dei tradisjonelle modernæringsane ser med optimisme på Kyststamvegen. Både for skogbruket, frukt og grønsakomsetnaden og

for meieribruket på Vestlandet har betre vegsamband mykje å seia.

### «Ryggrada i vegsystemet i Vest-Norge»

Transportnæringa og reiselivet har heller ikkje vanskar med å finna fram argumenta som talar for ei betre sambinding av vestlandsfylka.

Tekniske løysingar på dei utfordrande fjordkryssingane er med i filmen. Likeeins positive toner frå landets største finansinstitusjon.

Videoen er meint å vera eit hjelpemiddel ved marknadsføring av kyststamvegen. Med dette som utgangspunkt har ein vald å lansera kyststamveg-ideen under slagordet «Kyststamvegen - ryggrada i vegsystemet i Vest-Norge».



# VÅR EINASTE OPPSYNS- MANN FRÅ GAMBIA


Staben ved Hordaland Vegkontor får eit stadig meir internasjonalt snitt. Ingeniørar frå andre industriland er i fleirtal mellom utlendingane i etaten. Den einaste afrikanaaren, førebels, er oppsynsmann Momodou Jobareth frå Gambia, som er tilsett ved distriktslaboratoriet.

- Heime er det uråd å skaffa seg høgare utdanning utover gymnasnivå. Eg drog difor til Norge i 1979, og fekk plass ved Manger Folkehøgskule. Seinare vart det vidaregåande skule i Kvinnerad, før eg kom inn på den tekniske fagskulen i Porsgrunn. Etter studier ved Agder Ingeniørhøgskule i Grimstad, bar det så til Bergen, der eg arbeidde ei tid ved Bergen Byggmonitasje, før eg seint i fjar vart tilsett ved Hordaland Vegkontor, fortel Momodou til Veg i Vest.

## Kvalitetskontroll

- Kva er oppgåvane dine på vegkontoret?

- Kvalitetskontroll på nyanlegg, frå fyrste massefylling til toppdekket. Eg dreg ut på anlegga og tek stikkprøver. Desse vert analyserte, og rapport vert skriven. I rapportarbeidet har vi god hjelp av EDB.



Oppsynsmann Momodou Jobareth med prøver som skal analyserast på laboratoriet. (Foto: Erling Grønsdal).

- Går det greit med norsken?

- Eg har iallfall ingen vanskar med kommunikasjonen. Alle rapportane skriv eg på norsk, strekar han under, oppsynsmannen frå Vest-Afrika.

## Godt miljø

- Trivest du på vegkontoret?

- Ja, eg synest arbeidsmiljøet er bra, og samarbeidet med kollegene går fint. Eg kunne seinare godt tenke meg å prøve meg ved plan- eller anleggsvodelinga, for variasjonen si skuld.

- Kva med vegvesenet i Gambia?

- Det har vore organisert på same vis som i t.d. England og Canada. Men Det internasjonale pengefondet (IMF) har no sett i verk eit prøveprosjekt i Gambia, som gjev vegvesenet i landet ein kontrollfunksjon, medan private entreprenørar skal stå for vegbygginga.

Også norske entreprenørar er re-

presenterte i landet. F. Selmer driv veg- og kaibygging, medan Arne Sande byggjer bustader. Også Astrup Høy er i gang med utbyggingsoppgåver i Gambia.

## Afrikansk forening

- Har du sjølv planar om å vende atende til Gambia?

- På lengre sikt, kanhende, seier Momodou, og let oss forstå at han ikkje er heilt nøgd med dei rådande politiske tilhøva i heimlandet.

- Har du elles funne deg tilrette i Bergen?

- Ja. Her er mange likesinna, og vi treffes mellom anna i den afrikanske studentforeninga. Eg var formann ei tid, og er no nestformann i foreninga.

Fram til i fjar spelte Momodou aktiv basket- og volleyball i Viking. No reknar 33-åringen seg helst som monjonist.

# Svenske med kjempekrefter

Tunge løft og enkel navigering. Det er stikkord for den kombinerte kranbilen og trekkvogna til Statens Vegvesen Hordaland. Volvo F12 er namnet, og med krana kan den løfte det som stort sett er aktuelt å flytta innan vegsektoren. Med korg fungerar krana også framifrå som arbeidsplass under t.d. fjellrensing og støyping. - Med denne maskina har vi betre konkurransesevna til Vegvesenet når det skal rekna på eigenregikalkylar, seier Alf Botnevik ved vegsentralen i Rådal, der kranbilen er stasjonert.

Krana har ei løfteevne på 26 tonn/meter. Løftarmen har ei rekkevidde på 16 meter. Det hører hengar til bilen, som er mykje nytta til transport av tungt utstyr. Samla investering er på 1,6 mill. kr.

oppdrag der god oversikt er viktig, seier Alt Botnevik til Veg i Vest.

## Erstattar mobilkrane

- Med ei såpass påkosta kranbil i maskinparken er vi opptekne av høg utnyttingsgrad. Vi vil difor gjerne marknadsføre tilbodet vårt betre. Vi ser ei rekke aktuelle oppdrag for bilen. Til støyping og fjellrensning på veganlegg blir det i dag for ein stor del nytta private mobilkrane. Vår Volvo F12 vil kunne gjera same jobben, seier Botnevik, som også vil dra fram føraren av kranbilen, Harald Norvik.

Han er fast stasjonert på denne maskina, og er ein dugeleg fagmann på sitt felt.

Botnevik understrekar elles at det ikkje er sett opp fastlagt arbeidsplan for bruk av maskina, slik at den vil vera tilgjengeleg på kort varsel, også på meir langvarige oppdrag.


## Treffsikker fjernstyring

- Tekniske finessar ved kranbilen?  
- Krana kan manøvrerast med fjernstyring. Ved hjelp av ein liten boks kan føraren stå på den mest høvelege plassen og styra hivet. Dette er mellom anna svært viktig ved støyopeoppdrag, der betongen skal landast heilt presis, og ved andre



Harald Norvik er fast førar på kranbilen. (Foto: Erling Grønsdal).

Kranbilen kan ta alle aktuelle løft i vegsektoren, med ei løfteevne på 26 tonn/meter. Til venstre Harald Norvik. (Foto: Erling Grønsdal).



# KONDISFANTOMET FRA SKJOLD OG BJØRGUM

Svein Lyngsgård kjører veggøvel i Indre distrikt, og flakker mye rundt på grøfteskjæring og flatlapping på denne tiden av året, blant annet i Hardanger. Men når arbeidsdagen er over og han er vel hjemme på Bjørgum, hender det ofte at Lyngsgård setter kursen for Hardangerfjorden igjen. På sykkel!

Vegarbeideren, som opprinnelig kommer fra Skjold i Fana, er en av disse kondisjonsfantomene, på helårsbasis. Om vinteren er det turrenn på ski og sommerstid er det sykling og maraton. Han er en av de få som innehar det såkalte SAFSIT-trofeet, etter å ha gjennomført det 9 mil lange Grenaderløpet på ski, sykkelfritt Trondheim-Oslo og Drammen maraton – i løpet av ett år.

## Avdeling for sprøe tiltak


– SAFSIT står for «Sturlas avdeling for sprøe tiltak og andre innfall», forteller Lyngsgård til Veg i Vest. Det er idrettslaget Sturla i Drammen som står bak denne utmerkelsen for spesielt allsidige idrettsutøvere.

– Det høres jo litt sprøtt ut, også?

– Det er iallfall noe av det tøffeste du kan være med på her i landet, ved siden av triatlon, som består av landevegssykling, maraton og langdistansesvømming – på en dag.

– Det ligger vel mye trening bak en slik prestasjon?

– Mye trening og mye tid. Opp til 20 timers sykling i uken gjennomførte vi før vi startet på den store styrkeprøven fra Trondheim til Oslo. Vi er tre karer på Voss som er



Svein Lyngsgård kjører til daglig veggøvel for Vegvesenet i Indre distrikt. Men på fritiden farer han langs vegene i et helt annet tempo. (Foto: Erling Grønsdal).

sammen om disse utskeielsene. Det ble 250 mil på sykkelsetet før vi stilte til start.

## Et nytt liv på Voss

Svein Lyngsgård forteller at han slett ikke er født med ski på beina.

– Før jeg flyttet til Voss for 8 år siden visste jeg knapt hvordan et par ski så ut, betror han Veg i Vest. Men her havnet jeg midt oppi tjukkest skiskytttermiljøet på Bjørgum, og det gikk ikke lenge før jeg var klar til start i mitt første Ørnar-renn.

Samtidig stumpet den tidligere storøykeren sneipen for aller siste gang. – Det har vært en forutsetning for å kunne drive det såpass langt i kondisjonsidretter, mener han.

– Kostholdet er også viktig?

– Veldig viktig. Mye fibermat innår i den daglige føden. Særlig før lange løp er det vesentlig å få i seg godt med karbonhydrater. Skal jeg

løpe maraton går det mye på brødmat i tiden før start.


## Sprinter også

Selv om det er de lange løp og seige tak som utgjør hoveddelen av Svein Lyngsgårds idrettelige aktiviteter, sier han ikke nei takk til de kortere distansene heller. Og stort kortere enn 100 meter sprint går det ikke an å løpe. Svein sprang første-etappen på Vossar sitt lag under veteran-NM i 1000 meter stafett siste året. Personlig rekord på sprintdistansen er 12,0.

God fysisk form gir overskudd. Ikke minst til det daglige arbeid. Vi vil anta at lange kveldsturer med sykkel, langrennski eller joggesko viser igjen når Svein Lyngsgård f.eks. skjærer grøfter mellom Bruravik og Ulvik eller sørger for snøskraping i Eksingedalen og Modalen.

Planene er iallfall at SAFTSIT-trofeet skal hentes også neste år, dersom alt klaffer.

# PERSONALNYTT



## Nytilsette i vegarbeidsdrifta

Jan Bakke	mek.fag	Rådal	03.88
Tom Solemdal	mek.fag	Rådal	03.88
Paul J. Hjelle	mask/mek	Rådal	04.88
Magnar S. Birkeland	mask/mek	Rådal	05.88

## Slutta i vegarbeidsdrifta

Eva Indrefjord

## Nye i oppsynet

Trond Vindenes

Slutta i oppsynet

Andreas Østlund

## Nytilsette vegkontor - biltilsyn

Jan Ove Bjørge	kontrolling.	anlegg
Helge Giljarhus	kontrolling.	anlegg
Per Morten Nordbotn	førstekonsulent	adm.avd.
Kristian Rognskog	ingeniør	biltilsynet
Karstein Berg	ingeniør	biltilsynet
Johan Klungland	ingeniør	biltilsynet
Trond Haugen	ingeniør	biltilsynet
Jan Sverre Aasbø	inspektør	biltilsynet

## Slutta vegkontor

Bjørn Erik Johannessen

Jørgen Steensæth

### 50-ÅRSDAGAR

Normann Sleire	25. juli
Jens Tveit Aga	29. juli
Arne Hilton	9. august
Milfrid Knoph	13. august
Johan Rokne	20. september
Magne Tveita	28. september

### 60-ÅRSDAGAR

Hallvor Fjellskål	13. juli
Halvorine Røsdal	7. september

## Pensjonistar

Nils Myrlid

Ingebrigt Tufta

### TAKK

for helsing og gavé i samband med  
50 - årsdagen min.

Lars Oliver Bø

Mange takk

for gavé og helsinga egg fekk på 50-  
årsdagen min.

Gerhard Børnes

Takk til  
kolleger på sore innfartsåre, kokkene  
og brakkelaget på Hop, for blomer  
og helsingar dei sende meg då eg var  
sjuk.

Gunnvald Søreide

Tusen takk  
for flott gave i anledning min  
60-årsdag.  
Olav Skår

Hjerteleg takk  
for helsing og gavé til 50-årsdagen  
min.  
Lars Kleppe

Takk for  
oppmerksomheten ved 50-årsdagen  
min.  
Ottar Nåmdal, Ulven

Takk for  
gavé på 60-årsdagen min.  
Birger Eigestad, Røldal

Hjerteleg takk  
for gavé og overraskande besök på  
40-årsdagen min.  
Terje Totland



## Vegkontorets sprekreste ungkar fyller 40 år

Denne lille tassen er blitt større  
med årene,  
fremdeles liker han å bli strøket  
med hårene.

Body-building liker han godt,  
det er derfor han holder seg  
innmari flott.

Pikenes Jens, men enda frank  
og fri,  
vi har alle prøvd å få han litt  
på gli.

Unge jenter! Prøv dere her,  
så kanskje det lykkes for noen  
og enhver.

Hjertelig til lykke med dagen 15.  
juni,

Odd Magnus!

Hilsen jentene på  
regnskap.

MASSEKORSBÅND

VEGDIREKTORATET  
BIBLIOTEKET  
PB 639Ø ETTERSTAD  
Ø604 OSLO Ø

RETURADRESSE:  
Statens Vegvesen  
Hordaland vegkontor  
Postboks 3645  
5033 Fyllingsdalen

## NESTE NUMMER KJEM 15/9

